



Kost og losji i 2009. Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering, fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil og rentefordel ved rimelege lån i arbeidstilhøve i 2009.

Skattedirektoratet sine satsar for kost i 2009 er auka frå 2008. Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og for husleige, lys og brensel fram til september 2008.

Skattedirektoratet sin forskottssats for trekkfri kostgodtgjering for arbeidstakarar som bur på pensjonat og for arbeidstakarar som bur på hybel/brakkje der det er høve til å koke mat, er auka. Skattedirektoratet har óg fastsett ein ny forskottssats for matpengar.

Skattedirektoratet har fastsett frådragsatsar for bruk av bil ved besøk i heimen. Fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil er omtalt. Trekkfri bilgodtgjering og rimelege lån i arbeidstilhøve er også omtalt.

- 1 Skattedirektoratets satsar for kost og losji for inntektsåret 2009**
- 2 Skattedirektoratet sine forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær**
 - 2.1 Skattedirektoratet sine forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering
 - 2.2 Skattedirektoratet sin forskottssats for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær (matpengar)
- 3 Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2009**
 - 3.1 Frådrag for reiseutgifter ved heimbesøk
 - 3.2 Trekkfri bilgodtgjering
 - 3.3 Privat bruk av arbeidsgivar sin bil
- 4 Rimelege lån i arbeidstilhøve**

1 Skattedirektoratet sine satsar for kost og losji for inntektsåret 2009

Med heimel i skattebetalingslova § 5-8, jf. skattebetalingsforskrifta § 5-8-10, sjå melding Sk nr. 12/1993, har Skattedirektoratet fastsett følgjande satsar for verdien av fri kost og losji ved utrekning av forskottstrekk og ved likninga for 2009:

Fritt opphald (kost og losji)	kr 105 per dag
Fri kost (alle måltid)	kr 76 per dag
Fri kost (to måltid)	kr 60 per dag
Fri kost (eitt måltid)	kr 39 per dag
Fritt losji (eitt eller delt rom)	kr 29 per dag

Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og alkoholfrie drikkevarer og for husleige, lys og brensel frå september 2007 til september 2008.

Satsane gjeld for heile landet. Berre dagar arbeidstakaren faktisk får slike ytingar skal reknast med.

Blir Skattedirektoratet sine satsar nytta, skal desse gjelde for alle tilsette når skattetrekk og arbeidsgivaravgift skal reknast ut, både i bokføringa og i lønnsoppgåva.

Satsane for fri kost skal nyttast same kva for stilling mottakaren har i verksemda, og kvar for seg for familiemedlemmer som får ytinga. For barn som ikkje har fylt 10 år innan utgangen av 2009, skal satsane for fri kost halverast.

Blir arbeidstakaren **trekt** for verdien av kost og losji etter satsar fastsette anten av Skattedirektoratet eller i tariffavtale, skal skattetrekk og arbeidsgivaravgift reknast av bruttolønn.

Dersom trekket i lønna er mindre enn satsane i tariffavtala og dessutan under satsane frå Skattedirektoratet, skal ein gi eit tillegg i bruttolønna. Tillegget skal vere lik differansen mellom direktoratet sine satsar og det beløpet som er trekt.

Dersom satsane for kost og losji i særlege tilfelle skulle verke klårt urimelege, kan ytingane setjast til ein lågare verdi **ved likninga**. Det er føresetnaden at denne ordninga skal reserverast heilt spesielle tilfelle og difor berre kunne nyttast unntaksvis. Det er ikkje overlate til arbeidsgivarane å ta individuelle omsyn (nytte reduserte satsar) ved fastsetjing av trekkgrunnlaget.

2 Skattedirektoratet sine forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær (matpengar)

2.1 Forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering

Forskottssatsane for trekkfri kostgodtgjering for 2009 er følgjande per døgn:

For arbeidstakarar som bur på pensjonat eller hybel/-brakke utan høve til å koke mat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost): kr 281

For arbeidstakarar som bur på hybel/-brakke der det er høve til å koke mat eller har overnatta privat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost): kr 182

Utan høve til å koke mat:

Der det pga. hygiene eller liknande ikkje er forsvarleg å oppbevare og lage mat, heller ikkje frukost og kveldsmat.

Får arbeidstakaren i tillegg dekt eitt eller fleire måltid, må den trekkfrie godtgjeringa reduserast med 10 prosent for frukost, 40 prosent for lunsj og 50 prosent for middag (beløp skal rundast opp eller ned til nærmaste heile krone).

2.2 Forskottssats for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær (matpengar)

Forskottssatsane for trekkfrie matpengar for 2009 er følgjande per døgn:

For arbeidstakarar som reiser dagleg mellom heim og arbeid, men som har så langt frávær at dei må ete eit måltid ekstra om dagen utanfor heimen, kan arbeidsgivaren trekkfritt dekkje arbeidstakar sine kostnader til mat (ved overtid) avgrensa til Skattedirektoratet sin forskottssats. Det er ein føresetnad at arbeidstakar faktisk kjøper mat og at vedkommande har eit samanhengande frávær frå heimen på 12 timer eller meir. Satsen gjeld ved dekning av matpengar (tariffesta / ikkje tariffesta) og ved refusjon etter rekning.

3 Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2009

3.1 Frådrag for reiseutgifter ved heimesøk

I statsbudsjettet for inntektsåret 2009 er det varsla at satsen som blir nytta når pendlarar får godkjent reiseutgifter ved besøk i heimen, skal vere kr 1,50 per km inntil 35 000 km. Satsen blir endeleg fastsett i takseringsreglane for inntektsåret 2009, jf. forskrift 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 § 6-44-5, jf. § 6-44-1.

Arbeidsgivaren kan for 2009 godtgjere slike utgifter trekk- og avgiftsfritt etter kr 1,50 per km inntil 35 000 km per år og kr 0,70 per km over 35 000 km per år. Skattedirektoratet kan ved prisauke heve satsane i inntektsåret.

3.2 Trekkfri bilgodtgjering

Bilgodtgjering er berre trekkfri når godtgjeringa blir utbetalt for yrkes- eller tenestekøyring som kilometergodtgjering etter statens reiseregulativ (særavtale) (eller lågare) og når krava til legitimasjon er oppfylt.

3.3 Privat bruk av arbeidsgivar sin bil

Bilar som fell innanfor dei standardiserte reglane (sjablonsystemet):

Fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil blir fastsett til 30 prosent av bilen sin listepreis som ny inntil kr 257 100, og til 20 prosent av overskytande listepreis.

Grunnlaget ved berekninga i førre avsnitt er i utgangspunktet 100 prosent av bilen sin listepreis som ny, men for:

- bilar eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, eller
- skattytar som godtgjer at yrkeskjøringa overstig 40 000 km i inntektsåret

blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i berre 75 prosent av bilen sin listepreis som ny.

For:

- el-bilar

blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i berre 50 prosent av bilen sin listepreis som ny.

Ved kombinasjon av bil eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret og skattytar som godtgjer at yrkeskjøringa overstig 40 000 km i inntektsåret, blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i 56,25 prosent av bilen sin listepreis som ny.

Ved kombinasjon av bil eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret og el-bil, blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i 37,5 prosent av bilen sin listepreis som ny.

Ved kombinasjon av el-bil og skattytar som godtgjer at yrkeskjøringa overstig 40 000 km i inntektsåret, blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i 50 prosent av bilen sin listepreis som ny.

Som eksempel på når ein bil må reknast som eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, kan vi nemne ein bil som er førstegongsregistrert 5. januar 2006. Deretter legg ein til 3 år. Det gir dato 5. januar 2009. Inntektsåret etter, dvs. 2010, blir bilen rekna som eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret.

4 Rimelege lån i arbeidstilhøve

Når arbeidsgivaren har gitt eller formidla lån til rimeleg rente, skal det trekkjast skatt og reknast arbeidsgivaravgift av rentefordelen. Fordelen er differansen mellom renta rekna etter normrentesatsen og den faktisk påkomne renta.

Normrentesatsen 2009:

januar og februar	6,00 prosent
mars og april	5,25 prosent

Eventuelle seinare endringar vert kunngjorte på skatteetaten.no under "[Tabeller og satser](#)". Modellen for berekning av normrenten opnar for seks moglege endringar i normrenten per år (1. januar, 1. mars, 1. mai, 1. juli, 1. september og 1. november). Rentefordelen skal reknast på dei aktuelle månadene. Del av månad skal reknast som heil månad. Regelen gjeld også når slike lån til dømes er gitt til arbeidstakaren sin ektemake eller sambuar.

Rentefordelen ved eit kortsiktig mindre lån frå arbeidsgivar blir ikkje rekna som skattepliktig inntekt. Vilkåra er at lånet, da det blei gitt, ikkje var større enn 3/5 av grunnbeløpet i folketrygda (per 1. januar 2009 svarande til kr 42 154), og tilbakebetalingstida er høgst eitt år.

Skattekortet for 2009 er skrivne ut på grunnlag av likninga for 2007, der ein eventuell skattepliktig rentefordel er teken med.

Skattytarar som tek opp nye lån og med dette får vesentleg skattepliktig fordel, bør endre skattekortet, sjå skatteetaten.no